

Til  
Olje- og energidepartementet, v/Olje- og energiminister Tina Bru

Justis- og beredskapsdepartementet  
Lovavdelingen v/Ekspedisjonssjef Kjetil Bøe Moen

### ***Spørsmål om rettsgrunnlaget for grunneigarar og vertskommunar***

Vi viser til Stortingsdebatten den 18. februar om endring og overføring av konsesjonen for Røldal-Suldal Kraft AS til Lyse Kraft DA.

Vi etterlyser opplysning om rettsgrunnlaget for å kunna stryka "samfunnskontrakten" som er stadfesta ved kongelig resolusjon 21. desember 1962.

Vi meiner grunneigarane og vertskommunane er part i konsesjonen der heimfall var ein vesentlig del av avtalen og grunnlaget for heile kraftutbygginga. Dette er basert på ei juridisk betenkning om vår rettsstilling. Vår rettslige posisjon er tilsidesett i samband med dei lovendingane som er gjennomført og i denne sak. Ved å omgjera konsesjonen for kraftanlegga frå tidsavgrensa til tidsavgrensa unngår Hydro heimfall til Staten og kommunane Ullensvang og Suldal går glipp av heimfallskraft i strid med forutsetningane. Dette er også til hinder for ei skikkeleg gjennomgang av heile konsesjonen frå fjell til Suldalsvatn.

#### **Vi ønskjer svar på følgjande:**

**1. Kvifor kan nyare lover få tilbakevirkande kraft ift. kgl. resolusjon?**

Heimfall er spesifisert i pkt. 18. og i pkt.19. *Reguleringskonsesjonen gjelder for 60 år fra konsesjonens datum. Reguleringskonsesjonen kan ikke overdras.*

**2. Kvifor kan Hydro få disponera ein eigarpart på ca. 80 % gamle «RSK AS» ?**

Iflg. Ot.prp. nr.61 endring av industri-konsesjonsloven (2007 – 2008) side 55 - dagens eier av kraftverket skulle avhende minst 2/3 til det offentlige og sitte igjen som eier av inntil 1/3.

**3. Kvifor får ikkje Ullensvang og Suldal kommunar høve til å bli medeigar i kraftanlegga?**

Røldal og Ullensvang har ingen relasjon til Lyse Kraft som heller ikkje er offentleg sett i forhold til Ullensvang kommune. ca. 74% av produksjonen til RSK er basert på reguleringsanlegg i Røldal.

**Med helsing for Røldal grunneigarlag**

**Olav S. Rabbe**

Vedlegg: Referanser til lovverk NOU 2004  
Betenkning v/ advokat Tom Berge  
Uttdrag av kgl. konsesjon 21. desember 1962